



Formål:	Dato:
Arbeidsmøte – naturfagleg grunnlagsrapport	23.04.2021
Til stades:	
Smøla kommune: Svein Roksvåg, Birgit Eckhoff, Tom Reidar Høibjerg, Gunnlaug Kristiansen, Einar Wikan Kristiansund kommune: Kjetil Tore Fjalestad Møre og Romsdal fylkeskommune: Arve Slettvåg, Fiskeridirektoratet: Astri Kristin Strøm, Ole-Einar Jakobsen Møre og Romsdal fiskarlag: Bjørn Kåre Steinnes Nekton Havbruk AS; Per Gunnar Kvenseth, Roger Osen Salmar Farming: Trond Baarset, Alf Jostein Skjærvik Dupont Nutrition Norge AS: Harald Bredahl Statsforvaltaren i Møre og Romsdal: Bjarne Otnes, Magnus Tornes	
Referent:	
Bjarne Otnes	

Referat frå møte om naturfagleg grunnlagsrapport frå Akvaplan-niva – marin verneplan Griphølen og Remman

Innleiing

Bjarne Otnes gjekk først i møtet gjennom hovudtrekka i Akvaplan-niva sin rapport, med hovudvekt på vurderingane som er gjort knytt til seks delområde og forslaga til sonering. Vi viser elles til vedlagt presentasjon og rapporten i det heile.

Innleiingsvis vart det også vist til at Statsforvaltaren (SFMR) no er i ei sonderande fase der hovudformålet med møtet er å motta innspel frå kommunar, regionale etatar og næringsaktørar som grunnlag for vidare arbeid. Statsforvaltaren vil deretter presentere sitt arbeidsutkast til avgrensing av verneområda med ev. sonering og aktuell verneforskrift som grunnlag for vidare drøfting og ikkje minst med tanke på utforming og gjennomføring av tenestekjøp av konsekvensutgreiing.

Det vart også presisert at det er tatt inn i fastsett utgreiingsprogram at verneforskriftene mest sannsynleg vil få ein spesifisert dispensasjonsheimel for akvakultur som ikkje er i strid med verneformålet.

Merknader til Akvaplan-niva sin rapport og Statsforvaltaren sitt arbeid med marint vern.

Harald Bredahl:

- Grindtrål øydelegg ikkje botn.
- Viste til fleire rapportar/studiar som viste at tareuttak ikkje gjorde skade for fisk og fugl.
- Mottaksanlegget på Vevang med seks arbeidsplassar har knapt med råstoff, og redusert areal vil kunne føre til nedlegging.

Kommentar SFMR: Marint vern skal beskytte område mot inngrep som gir verknader for økosystema, ikkje berre fysiske inngrep/skade på botn. Mottar gjerne materiale som kan belyse i kva grad taretråling har verknader for naturmangfald.



Astri Strøm:

- Fiskeri: Har ikkje merknader til aktuelt restriksjonsnivå for fiskerinæringa, som kun vil omfatte ev. forbod mot botntråling.
- Taretråling: Viser til rådgjevande utval sine føringar om at det må kunne drivast berekraftig næringsverksemd som ikkje er til skade vernet, og utvalet sine føringar for bruk av referanseområde og restriksjonsnivå.
 - Utviding av Remman naturreservat og forbod mot taretråling vil vere i tråd med føringane, og direktoratet har ikkje merknader til dette.
 - Rådgivande utval foreslo at delar av Griphølen skulle utgreiast som trålfrie referanseområde, men avvente forslag frå fylkesregional arbeidsgruppe og prosess med verneplan for Smøla. Omfanget i forslag til verneplan var sett som tilstrekkeleg, og burde elles samordnast med område stengt etter andre prosessar enn marin verneplan. Direktoratet understrekar arbeidet i fylkesregional gruppe og kunnskapsgrunnlaget som vart innhenta. Foreslår referanseområde aust i skjergarden, ref. uttale til oppstartsmelding.
 - Utviding av Grip og etablering av Inngripan nr bør greiast ut i eigen prosess med formål sjøfugl.
- Akvakultur: I staden for dispensasjonsheimel for akvakultur i verneforskrift bør det greiast ut om ordinær handsaming etter akvakulturlova og vilkår om ekstra overvaking kan vere tilstrekkeleg.

Birgit Eckhoff:

- Smøla kommune ønskjer ikkje marint vern. Kommunen har mange verneområde og høg totalbelastning av vern.
- Føreset at samfunnsverknader blir synleggjort. Viser til brev frå kommunar og fylkeskommunen til Miljødirektoratet og svar derifrå (vedlagt) med innvendingar til prosessen og uro for at samfunnsverknader ikkje blir godt nok utgreidd. Har avtala dialogmøte med statsforvaltaren.
- Etterspør samordning mellom verneplan Smøla og marin verneplan.
- Stiller spørsmål ved mandatet til Akvaplan-niva og at forslaga derifrå inneber omkamp.
- Ønskjer at prosessen skal vente på marine grunnkart.

Kommentar SFMR: Gjennomføring av prosessen er etter oppdrag frå regjeringa. Akvaplan-niva har utarbeidd sine forslag på fritt grunnlag utan omsyn til tidlegare avklaringar. Fleire element knytt særleg til taretråling vart ikkje avklart i sjøfuglplanen og verneplanen Smøla i påvente av marin verneplan, og det er påkrevd at dei kjem oppatt. Marine grunnkart vil vere meir detaljert, men hovudtrekka i kunnskapsgrunnlaget vil truleg ligge fast. Ikkje realistisk at marine grunnkart kan «ta att» verneprosessen, men SMFR vil gjere det vi kan for å få prioritert dei marine verneområda når det skal settast opp forslag til nasjonal plan for marin grunnkartlegging som grunnlag for forvaltning.

Alf Jostein Skjærvik:

- Salmar oppfattar forslaga frå Akvaplan-niva som ein omkamp om akvakultur i Sør-Smøla lvo. Kunnskap som talar til fordel for akvakultur kjem ikkje fram i rapporten. Meiner akvakultur er berekraftig bruk og klimavenleg matproduksjon.
- Spår at akvakultur vil bli utestengt trass i dispensasjonsheimel.
- Naturfaglege verdiar blir synleggjort, saknar samfunnsverknader.

Ole-Einar Jakobsen:

- Presiserer at rådgjevande utval berre hadde små område som hadde forbod mot taretråling.
- Overraska over dei store forslaga frå Akvaplan-niva.



Arve Slettvåg:

- Stør innspela som er komme fram. Påpeikar at tabell 7 i rapporten frå Akvaplan-niva ikkje er oppdatert i tråd med fastsett utgreiingsprogram.
- Verneforskriftene bør ikkje forby havbeite. Aktuelle former er utan inngrep, og med bruk av stadeigne organismar.
- Omtalen av søknaden ved Vågsholman/Brattleia er ikkje riktig.

Kommentar SFMR: Rapporten inneheld noko utdatert og ufullstendig informasjon, men det er utan vesentleg betydning. Signala i utgreiingsprogramma om havbeite er gjort med bakgrunn i rådgevinge utval sine tilrådingar. SFMR har ikkje konkludert.

Harald Bredahl:

- Viser til at M&R har tre referanseområde i tillegg til ulike forbodssoner, og at Havforskningsinstituttet har nok område. Dupont meiner difor M&R har god nok dekning.
- Rapporten frå Akvaplan-niva har for lite grundig omtale av grunnlaget for sonene med forbod mot taretråling.
- Einig i vern av Remman.

Roger Osen:

- Det er ikkje ønskjeleg med meir vern ut i frå den totalbelastninga det vil gi på samfunnet på Smøla. Vern er varige restriksjonar.
- Tolkar dispensasjonsheimelen for akvakultur som eit forbod, ventar strenge skjønsvurderingar.
- Viser til potensialet for auke i hausting av ressursar frå havet, ny havbruksstrategi og ulike stimuleringsiltak og utvikling i næringa/teknologi.
- Stiller spørsmål ved tidsplanen i utgreiingsprogrammet.

Kommentar SFMR: Sannsynleg at tidsplanen vil sprekkje.

Kjetil Tore Fjalestad:

- Etterspør det næringsmessige/samfunnsmessige i rapporten frå Akvaplan-niva.
- Ber om at det blir peika på kor i prosessen vi no er.

Kommentar SFMR: Akvaplan-niva sin rapport er bevisst reindyrka naturfagleg. Utgreiing av andre verknader kjem seinare når vi har eit meir konkret forslag til utforming. Vi er no i open planleggingsfase, ref. figur 13 i utgreiingsprogrammet.

Svein Roksvåg:

- Smøla kommune opplever marint vern som ein omkamp. Konsekvensane av vern er belastande for kommunen, også knytt til randsoner til verneområda. Kor mykje vern toler ein kommune før næringslivet lir?

Birgit Eckhoff:

- Etterlyser samfunns- og næringsmessige verknader. Forventar like grundig omtale av dette i KU som naturomsyn. Vil ha svar på om det er nødvendig med vern og om konsekvensane står i forhold til vernet.



Harald Bredahl:

- Tarenæringa leverer kritisk viktige råstoff til medisinsk bruk m.m., men har råstoffmangel. Ser ikkje rom for å «gi og ta».
- Viser til forbod i eksisterande verneområde i sjø (t.d. Røssholmen-Skjela-Oterholmen naturreservat, og meiner marine verneverdiar knytt til tareskog er dekt opp frå før.

Birgit Eckhoff:

Oppsummert er Smøla kommune sin haldning at kommunen ikkje ønskjer marint vern, og særleg ikkje referanseområde i Sør-Smøla. Verneområdet er totalt sett for stort.

Avslutning:

SMFR vil lage eit arbeidsutkast til avgrensing inkl. ev. sonering og verneforskrifter som vil bli drøfta på liknande vis som no. Kan ikkje seie kor tid det vil bli, men prioriterer arbeidet.